

Forskrift om bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort, Sykkylven kommune, Møre og Romsdal

Framlegg til lokal forskrift

Dato	FOR-2026-[MÅNAD]-[DAG]-[NUMMER]
Ikraftsettjing	Straks etter kunngjering i Norsk Lovtidend
Gjeld for	Sykkylven kommune, Møre og Romsdal
Heimel	Forskrift 22. mars 2002 nr. 313 § 29a fjerde ledd
Journalnr.	26/1796

Heimel: Fastsett av Sykkylven kommunestyre [VEDTAKSDATO] med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å bidra til ei berekraftig forvaltning av hjortebestanden i Sykkylven kommune og å avverje alvorleg skade på natur- og samfunnsinteresser som følgje av høg bestandstettleik av hjort, mellom anna beiteskadar på innmark og skog, viltpåkøyrslar og andre uheldige konsekvensar.

§ 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld ved jakt på hjort innanfor Sykkylven kommune.

Forskrifta gjeld berre ved jakt i ope terreng. Med ope terreng er meint areal der jegeren har god oversikt over dyret, skyteretninga og sikkert kulefang.

§ 3. Bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Ved jakt på hjort i ope terreng er det tillate å nytte restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Bruken skal vere i samsvar med gjeldande regelverk. Jegeren er ansvarleg for at viltet, skyteretninga og kulefanget er sikkert identifisert, og at skotløysinga skjer på ein trygg og forsvarleg måte.

§ 4. Rapporteringsplikt

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysforsterkande eller termiske siktemiddel, skal rapportere bruken i Hjorteviltregisteret.

§ 5. Evaluering

Sykkylven kommune skal vurdere behovet for vidareføring av forskrifta minst kvart femte år.

Vurderinga skal byggje på tilgjengeleg kunnskap om bestandsutviklinga for hjort, omfanget av beite- og skogskadar, viltpåkøyrslar, måloppnåing i hjorteviltforvaltninga og erfaringar med bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel.

Kopi av vurderinga skal sendast Landbruksdirektoratet.

§ 6. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde straks etter at ho er kunngjord i Norsk Lovtidend.